



# Folk først.

Venstre er partiet som heier på enkeltindividet, samstundes som me tar vare på kvarandre. Fridom for den enkelte - ansvar for kvarandre. Me er eit grønt, liberalt parti som setter folk først.

## **Nei til ny kyrkje.**

Den nye kyrkja som planlegges på Klepp er eit steg tilbake i tid når det kommer til skilje mellom stat og religion.

### **Venstre meiner:**

- ✓ Klepp kommune skal vere ein kommune for alle, uavhengig av kva tru ein har. Me ønsker eit sekulært samfunn med klare skilje mellom stat og religion. Då kan me ikkje bygge Rådhuskyrkja, der ordfører og kyrkjekontor deler kaffetrakter.
- ✓ Det nye rådhuset med kyrkje er estimert til 640 millioner kroner. Av desse er rundt 120 millioner kroner satt av til Rådhuskyrkja. I tillegg kjem vedlikeholdskostnader til evig tid. Me ønsker å ta kyrkja ut av prosjektet og prioritere annerledes.

## **Venstre er det grøne næringspartiet.**

Me heier på gründere og selskap som tør, og som skaper innovative løysninger. Me har trua på enkeltindividet, og trur at eit godt samspel med næringslivet er viktig.

### **Venstre vil:**

- ✓ Bruke kommunens innkjøpsmakt til å stimulere til grønn næringsutvikling.
- ✓ Støtte grøn omstilling i små og mellomstore bedrifter.
- ✓ Støtte bruk av kortreist, lokal mat i kommunale kjøkken og kantiner.
- ✓ Jobbe for null netto nedbygging av matjord.
- ✓ Ikke innføre eiendomsskatt på næring og bolig.

## **Ja til eit helsevesen som er tilpassa den enkelte.**

### **Venstre vil:**

- ✓ Forsøksordning med terapi - og omsorgshunder som eit tilbud til personer med psykiske helseutfordringer.
- ✓ Yte nok hjelpe til familier med hjemmeboende barn/ungdom med store hjelpebehov.
- ✓ Aktivitetstilbud til innbyggere med fysisk og psykiske funksjonsnedsettelse.
- ✓ Betre helsetilbud for rusavhengige
- ✓ At rusavhengighet skal møtes med behandling og ikkje straff.
- ✓ Utvide lavterskelttilbuddet for psykisk helsehjelp.

## **Eit samfunn for alle aldre.**

### **Venstre vil:**

- ✓ Tilby ungdommer i alderen 14-20 år jobb som besøkshjelp på eldreboliger. Slik skapes glede på tvers av generasjoner samstundes som unge får nyttig arbeidserfaring og mestring.
- ✓ At Klepp skal vere eit demensvennlig samfunn.
- ✓ Skape sosiale boformer for eldre. Det motvirker ensomhet og bidrar til økt livsglede.

## **Ja til eit mangfoldig tilbud til barn og unge.**

Klepp kom nederst på Unicef sin kommuneanalyse for oppvekstvilkår for barn i Norge. Det må me gjere noko me.

### **Venstre vil:**

- ✓ Bygga ishallen i Kleppe.
- ✓ Tilrettelegge for allsidig ungdomstilbud i heile kommunen.
- ✓ Seie ja til frivilligheita. Ei krone investert i frivilligheita er fire tilbake.
- ✓ Jobbe for tiltak og aktiviteter som treff sokande ungdom.
- ✓ Tilby frikort til idrett og kulturarrangementer til barn i låginntektsfamilier. I Klepp skal alle med!
- ✓ Gje utstyrstøtte til idrett og kultur for låginntektsfamilier.
- ✓ Jobbe for symjehall på Orstad/Frøyland.

## **Mangfoldshallen - ein plass for alle**

Ja til folkehelsehall. Me ønsker å skape fleire møteplasser for ungdom og liv i sentrum. Vår visjon er Mangfoldshallen, ein plass der alle kan treffes og forenes. Me vil kombinere idrettsflate med andre aktiviteter for ungdom som øvingslokaler, kultur, musikk, bibliotek/studieplasser, e-sport, frivillighet og andre uorganiserte aktiviteter.

## **Ja til Jæren kommune - Klepp og Time.**

Venstre har det klareste standpunktet på at offentlig sektor alltid skal fornyast, forenkleast og forbetraast. Derfor står me fortsatt på at kommunesammenslåing er riktig for Klepp sine innbyggere. Me ønsker å slå sammen Time og Klepp til Jæren kommune.

Jæren kommune vil føre til sterkare familjø i offentlige tenester, mindre byråkrati og betre arealplanlegging. Det vil gjere det enklare å verne om matjorda, miljøet, og tilrettelegge for næringslivet på ein god måte.

Klepp og Time sine kommunegrenser er frå ei anna tid. Me vil ta Jæren framover som ein kommune!

# **Skule og utdanning.**

## **Venstre vil:**

- ✓ Legge til rette for at lærerne bruker mest mulig av tiden til undervisning. Styrke "laget" rundt læreren med sosionomer, psykologer og vernepleiere
- ✓ Ha ein skule som betre fanger opp elever som ikkje trives og passer inn. Ein skule som løfter fram dei gode egenskapene til kvar enkelt. Me vil gje meir fridom i skulen, slik at elever kan påvirke sin eigen skulekvardag.
- ✓ Ikkje ha fleire kartleggingsprøver enn de som er bestemte nasjonalt.
- ✓ Samarbeide med Time kommune om å bygge på/utvide Frøyland ungdomsskule for å dekke behovet på Orstad. Rehabilitere barneskulen på Orstad.

# **Transport & Samferdsel.**

## **Venstre vil:**

- ✓ Utvide ordninga for elsykler ved å ha lade- og parkeringsplasser for elsykler langs populære utfartsmål og tettsteder slik som Bore-stranda, Verdalens, Kåsen/Tu, Øksnevadsporten og Orstad, for å tilrettelege til at folk kan sykle til/frå toget.
- ✓ Bidra til å utvide HjemJobbHjem for hele Jæren.
- ✓ Komme igang med dobbeltspor på Jærbanen

# **Naturmangfold & Klima.**

I Klepp har me eit fantastisk landskap, med ein åpen himmel og vid horisont. Me har fantastisk matjord, eit rikt fugleliv og flotte strender. Dette må me ta vare på.

## **Venstre vil:**

- ✓ Tilrettelege for insekt, fugl og dyreliv langs vassdrag i kommunen.
- ✓ Ha sterk redusering av kantslått for å betre vilkåra for insekter, humler og pollinatore. Klepp skal vere ein insektsvennlig kommune.
- ✓ Ta vare på vipa sammen med bøndene: Ha ein kommunal tillitsbasert støtteordning for frivillig vern av areal.
- ✓ Bevare dei grøne lungene i folk sine nærområde.
- ✓ Verne nærskogen og skogholt til unger og fugler.
- ✓ Ha eit kommunalt arealregnskap som tar høgde for viktige arealer med tanke på biomangfold, myr, matjord og naturtyper, og som blir aktivt brukt av kommunen.
- ✓ Redusere næringsrikt tilsig frå industri og jordbruk til elver og vassdrag
- ✓ Stoppe bruk av sprøytemidler på kommunale areal.
- ✓ At Klepp kommune skal bli klimanøytral gjennom bruk av elbiler, solfanger, solceller m.m
- ✓ Redusere lysforurensning frå gatelys, næring, reklame og liknande der det ikkje er nødvendig av sikkerhetsmessige årsaker.
- ✓ Ha gratis henteordning av grovavfall heime.



Martin Haukali er Venstre sin ordførarkandidat i Klepp.

## Venstre sine kandidatar i Klepp.

- |                                  |                     |
|----------------------------------|---------------------|
| <b>1. Martin Haukali</b>         | 1993, Verdalén      |
| <b>2. Børge Brunes</b>           | 1972, Kleppe        |
| <b>3. Vilja O. Kvamme</b>        | 2001, Kleppe        |
| 4. Tore Simonsen                 | 1980, Orstad        |
| 5. Sven Magne Anda               | 1969, Sele          |
| 6. Mads Even Vestvik             | 2003, Klepp stasjon |
| 7. Carina Birgitte Stenseth Lund | 1986, Klepp stasjon |
| 8. Alf Morten Johansen           | 1982, Orstad        |
| 9. Egil Bore                     | 1947, Kleppe        |
| 10. Marius Bru                   | 1997, Kleppe        |
| 11. Henrik Walland Lund          | 1982, Klepp stasjon |
| 12. Arne Morten Kristiansen      | 1976, Kleppe        |
| 13. Atle Kristian Svela          | 1984, Klepp stasjon |
| 14. Roar Haukali                 | 1965, Verdalén      |
| 15. Jone Øvregård                | 1993, Kleppe        |



**VENSTRE**